

Energi og miljøkomiteen på Stortinget
Næringskomiteen på Stortinget
Mørebenken på Stortinget
Statsministeren sitt kontor ved statsminister Jonas Gahr Støre
Klima og miljødepartementet ved klima- og miljøminister Espen Barth Eide

30.10.22

Uttale frå Sunnmøre Regionråd vedkomande manglande tilskot til Runde Miljøsentier og Atlanterhavsparken i Ålesund i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2023

Sunnmøre Regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund.

Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft.

Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådrivar for å fremje regionen sine interesser ovanfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan.

Sunnmøre Regionråd skal vektlegge partnerskap mellom kommunar og næringsliv.

Sunnmøre er i dag ein av dei leiande maritime og marine regionane i Noreg. Sunnmøre Regionråd (SR) har merka seg at regjeringa i framlegg til Statsbudsjett for 2023 foreslår å stryke dei øymerka tilskota (kap. 1420 post 85 Besøksentier for natur og verdensarv) frå Klima og miljødepartementet til Runde Miljøsentier (5,5 mill. kr.) og Atlanterhavsparken i Ålesund (1,1 mill. kr.).

Runde Miljøsentier (RMS) er eit sentier for forskning og formidling på marin kystøkologi, sjøfugl og livet i havet. Sentieret er sentralt plassert like ved fuglefjellet på Runde og dei viktige gytiefelta for silda på Mørebankane. Dei siste åra har sentieret, ved hjelp av statlege løyvingar, utført mykje viktig nybrottsarbeid.

Atlanterhavsparken er eit av dei største saltvassakvaria i Nord-Europa. I 2021 etablerte dei det første vitensentieret med marin profil i Noreg. Dei har i fleire år arbeidd med å få ei nasjonal rolle og bli eit autorisert besøksentier.

Både Runde Miljøsentier og Atlanterhavsparken skaper interesse for og formidlar kunnskap om livet ved og i havet. Begge er tett på næring og forskning. Formidlarrolla deira gjer at vi og framtidige generasjonar får betre forståing for korleis ein kan auke verdiskapinga frå havet på ein berekraftig måte. Dei er soleis ikke berre besøksentier for natur, men viktige bidragsytarar for marine og maritime næringar på Sunnmøre.

Vi forventar på denne bakgrunn at Stortinget og regjeringa finn plass til tilskota til Runde Miljøsentier og Atlanterhavsparken i endeleg budsjettvedtak.

Med helsing

Knut Erik Engh
leiar av representantskapet

Vebjørn Krogsæter
styreleiar

Kopi: Deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd